

# • MED pigggane



## UTE Kva nytte har klatring?

Klatring er ein risikosport, meiner mange. Utøvd av menn med dårleg bakkekontakt. Sanninga er at klatremiljøet går ein ny vår i møte. Norge er heilt avhengig av tausvingarane. »

Tekst: Bernt Ivar Bergum





**TINDEBESTIGNING  
I SOLNEDGANG:** Nils  
Nielsen klatrar  
Lanciakaminen i  
Skogshorns sørvegg.  
(FOTO: JØRGEN AAMOT)







**FORFATTARPAR:** Bjørn Kruse (t.v.) og Jørgen Aamot.  
(FOTO: PRIVAT)



#### ■ FAKTA

#### JØRGEN AAMOT

- Fødd 1974.
- Oppvaksen i Oppdal.
- Kom til Hallingdal som lærar. Jobba ved brattlina på Hallingdal Folkehøgskule i Gol.
- Bur i Hemsedal.
- Har utdanning som tindevegleiar, og driv sitt eige firma Fjellet Kaller AS.
- Har jobba fleire år som tilkomstteknikar for selskapet Aak AS på oljeinstallasjonar i Nordsjøen.
- Har vore medforfatter til fleire ski- og klatrebøker, sist i haust med «Hemsedal Ice - Klatrefører for is og vinterklatring».



» **ALLE KLATRARAR** oppsøker det som kan vera farlege situasjonar. Men klatring handlar om å minimere faren.

- Ein har sjølvsagt aldri nokon garanti, men på kva område i livet har ein vel det, spør Jørgen Aamot (38). I oktober gav han og klatrekamerat Bjørn Kruse ut boka «Hemsedal Ice». Ei handbok for dei som vågar seg opp i frosne fjellsider.

- Klatring er uansett ingen ekstremsport. Målet er å kunne klatre i morgon også. Det er heller ikkje slik at me må strekke strikken litt lenger for kvar gong for å ha det artig, seier Jørgen.

**MEN KVA ER DET SOM ER SÅ NYTTIG** med noko så tilsynelatande unyttig som klatring? Filosof og fjellklatrar Peter Wessel Zapffe både spør og svarar sjølv.



Å klatre opp ein foss med øks på vinteren er som eit eventyr.

Jørgen Aamot

«Men hensigten, spør folket, meningen, maalet. Der er ingen hensigt, der er intet maal. Tindesporten er meningsløs som selve livet, - derfor kan dens troldom aldri dø.»

- Zapffe var ein artig skrue, seier Jørgen.

Sjølv har han samla seg eit fjell av litteratur om friluftsliv. Bøker, blad og tidsskrift. Han blar seg fram til interessante klatrepassasjar. Mellom verdas første bilete av «tindebestigning» frå 1700-talet, og hans eiga bok frå 2012 er det mangt som bør nemnast.

Me siktar oss først inn på inngangsspørsmålet: Kva nytte har klatring?

**FOLK SOM KAN** risikovurdering risikerer ikkje livet. Dei reddar liv.

Jørgen finn fram eit bilete frå jobben. Han heng i taua under ein oljeplattform ute på





norsk sokkel. Over han ruvar tonnevis av stål. Under han brusar det ville havet. Einaste måte å løyse oppdraget på, er frå tau. Slik blir Jørgen «olja i oljemaskineriet». Utan karar som han ville staten gått glipp av store inntekter. Det ville du og eg ha merka.

Når han kjem heim, står han på som frivillig i Langfjella alpine redningsgruppe. Slike grupper starta som ei ordning for å redde klatrekompisar. Men etter som stadig fleire brukar fjellet, er det blitt avgjerande å ha erfarne redningsfolk parat.

**OGSÅ FORSVARET** brukar klatrefilosofi når det skal utdanne nye leiingar. For

å kunne «tindestigning» må ein lese terrenget, jobbe saman og dra i same retning. Som autorisert tindeveglegiar er Jørgen kvar sommar kursleiar når Krigsskolen kjem til Hemse-dal med sine kadettar.

– I tillegg til å vere nyttig, er klatring som eit eventyr. For meg handlar det om spenninga, den fysiske utfordringa og naturopplevinga. Då eg som 18-åring fekk mine første stegjern, opna det seg ei ny verd for meg – parallelt med kvardagslivet. Å klatre opp ein foss med øks på vinteren er som eit eventyr. Og i Hallingdal finst alle moglegheiter for klatring, seier oppdalingen.

Han gjorde hemsedøl av seg etter fem år som lærar ved Hallingdal Fol-

**PERFEKT:** Bjørn Kruse klatrar Kyrkjebønsstølsfossen under perfekte forhold.  
(FOTO: JØRGEN AAMOT)

kehøgskule. Der vart han og Markus Landrø pionerar på bratt friluftsliv.

– Me ville så ei spire, fortel Jørgen.

**PÅSTANDEN TIL ZAPFFE**, om at klatring er for dei få, står for fall. Zapffe skreiv at «*Tindestport forholder seg til anden sport som champagne til bakkøl, og er dertil uegnet som folkesport*». Kanskje var det hald i påstanden heilt fram til Zapffe trekte inn si siste taulengd i 1990. Men det var lenge før folkehøgskulen i Gol fekk ei eiga brattline. Og om klatring ikkje er blitt folkesport, så er det i alle fall ein aktivitet i sterk vekst.

Sjølv brukte ikkje Jørgen lang tid på å bli hekta på isklating. Han trur klatringa kan komplettere vintertilbodet i Hemsedal. »





**EIT BRATT LIV:** Toppturar har vore ein del av livet sidan ungdommen. Her er Jørgen Aamot i Pakistan. (FOTO: PRIVAT)



**BERGING:** Jørgen Aamot på veg ned til fire klatrarar som sit fast under toppen av Skogshorn. (FOTO: LANGFJELLA ALPINE REDNINGSGRUPPE)



## Spira som er sådd, vil snart slå ut i full blomst.

Jørgen Aamot

« - Klatresporten har på ein måte overvintra, proklamerer Jørgen.

Hallingdal kom seint på klatrekartet. Men plasseringa nær det sentrale Austlandet gjorde fjella attraktive, sjølv om dei ikkje var så høge eller bratte. Filosofen Arne Næss hadde det alltid travelt med å koma seg opp under Hallingskarvet. Både hytta på Tvergastein og ikkje minst Skarverei-ret, klatrehytta 1700 meter over havet, står som levande bevis på det som skjedde på 30-talet.

Men det var altså Hemsedal som skulle markere seg mest som årestad for klatrarane. Under ulykkespåska i 1967 omkom 18 personar i den norske fjellheimen. Nils Faarlund og Ole Daniel Enersen hadde då starta opp Norsk Alpincenter.

Dei skulle jobbe for sikker og trygg ferdsel i fjellet, så starten vart spesiell. Kurscenteret utvikla seg seinare til Norges Høgfjellsskole under leiing av Nils Faarlund. Meir enn førti år etter oppstarten lever institusjonen vidare. Som eit kursopplegg for Krigsskolen.

**KLATRING ER IKKJE BERRE SPORT,** men like så mykje ein livsveg og ein filosofi. Både Zap-

ffe, Næss og Faarlund har det til felles at dei har klatra og filosofert om kvarandre. Naturvern var viktig. Så kom eit vegskilje, eller det ein i klatreverda kunne omtale som eit «crux» - ein vanskeleg passasje. Ettersom «alpinismen» med tida overtok meir herredømet, vart det mindre plass til djupe tankar. Snart vart klatring like mykje ein næringsveg. Skandinavisk Høyfjellsutstyr kunne nyleg markere 40 års drift. Klatring har vore berebjelken.

**NO ER KLATRING** blitt eit reiselivsprodukt. Også Jørgen er eit døme på dette. Gjennom føretaket Fjellet Kaller driv han betalt gaiding for folk som vil oppleve eventyret. Han meiner Hallingdal har mange tilbod på gneis og granitt. Det gjeld berre å sjå potensialet. Ål har eit av landets største buldreområde. Kampesteinane i Satakroken blir flittig brukt i sommarhalvåret. Gol har fleire gode sportsklatrefelt og spennande fossejuv. Hemsedal har både høge fjell og høge fossar.

- Dette gjer Hallingdal til eit komplett klatremål - året rundt, seier Jørgen.

Det er gjort eit grundig pionerarbeid for å

tydeleggjere dette, fleire gonger. Geilingane Åge Bjørnstad og Terje Halstensgård kom med Hallingdals første klatreførar i 1998. I 2011 kom ein eigen klatreførar for Hemsedal. Hovudvekta er lagt på sommarføre. Verket var ført i pennen av Leslie Ayres, Petter Støle og Ragnar Bell.

**NO ER FJELLA OGSÅ** offisielt opna for utlendingar. Aamot og Kruse sin «Hemsedal Ice, ein klatreførar for is- og vinterklatring» kjem også på engelsk. Døra er opna for å setje regionen på klatrekartet. Ein gong for alle.

- Mange puristar meiner ein klatreførar øydelegg noko av poenget med klatring. At ein tek bort eventyret?

- Alle forventar skispor når dei går langrenn og alpinbakkar når dei køyrer slalåm. Vil ein køyre utanfor løypa, er det alltid høve til det. Ein kan nok sjå lyset utan bibel også. Men klatreboka skal vera til god hjelp for mange, har eg høyr, seier Jørgen. Han har stor tru på framtida.

- Spira som er sådd, vil snart slå ut i full blomst, fastslår Jørgen Aamot.

Sjølv sluttar han i oljebransjen etter nyttår. Frå då av er det fjellet som kallar. ■





**SAMFUNNSNYTTE :**  
Det er lettare å sjå  
nytta av klatring  
når ein ser Jørgen  
Aamot henge i  
stroppen på norsk  
sokkel. (FOTO: PRIVAT)